



Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 17.06.2021
Møtestad: Samfunnshuset på Øvre Helland
Møtetid: 09:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
026/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
027/2021	Godkjenning av møteprotokoll
028/2021	Orienteringssaker
029/2021	Møteplan hausten 2021
030/2021	Søknad om tilskot frå næringsfondet til prosjekt Ope landskap - beiting med geit
031/2021	Tomtepris - nytt kommunalt bustadfelt på Helland Gnr 78. Bnr 45.
032/2021	Rekneskap og årsmelding 2020
033/2021	Økonomirapport for 1. tertial 2021
034/2021	Sløkkevatn i Mo sentrum
035/2021	Låneopptak 2021 - justering

9. juni 2021

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/149

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
026/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/149

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
027/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 06.05.2021

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/149

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
028/2021.1	Høringsuttalelse 202106086 - landstrømanlegg til NOA / Krafla
028/2021.2	Modalen kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19. mai 2021
028/2021.3	Nordhordland scenarioanalyse rapport
028/2021.4	Protokoll 1-2021 Regionrådet Nordhordland, fredag 16. april 2021
028/2021.5	Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland IKS, 28. mai
028/2021.6	Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland Helsehus IKS, 28. mai

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Høringsuttalelse 202106086 - landstrømanlegg til NOA / Krafla

Høringsuttalelse 202106086 - landstrømanlegg til NOA Krafla

1481656_READONLY NOAKRALFA

Modalen kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19. mai 2021

Modalen kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 19. mai 2021

Nordhordland scenarioanalyse rapport

Nordhordland scenarioanalyse rapport

Protokoll 1-2021 Regionrådet Nordhordland, fredag 16. april 2021
Protokoll 1-2021 Regionrådet Nordhordland, fredag 16. april 2021
Sak 3-21. Nordhordland Unesco biosfæreområde - status Regionrådet 16. a...
Sak 4-21. EY - Kunnskapsgrunnlag Nordhordland - presentasjon 10.03.2021
Sak 7-21. Rapport - Smak av Nordhordland
Sak 8-21. Årsmelding 2020 - Sekretariat for kontrollutvala_Regionrådet 1...
Sak 8-21. Presentasjon - årsmelding 2020 - Sekretariat for kontrollutval...
Sak 8-21. Årsmelding 2020 - Kontrollutvalssekretariatet - RNI
Sak 9-21. Region Nordhordland - status Regionrådet 16. april
1-2021 Protokoll Representantskapet Region Nordhordland IKS 28. mai
Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland IKS, 28. mai
Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland Helsehus IKS, 28. mai
Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland Helsehus IKS, 28. mai

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-062	20/174

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Møteplan hausten 2021

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til møteplan for hausten 2021 slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Sjå vedlagt framlegg til møteplan for hausten 2021

Vedlegg:

Møteplan haust 2021

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Njål Bolstad Eidsnes		21/142

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Søknad om tilskot frå næringsfondet til prosjekt Ope landskap - beiting med geit

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr 30 000,- frå næringsfondet til prosjekt Ope landskap

Saksopplysningar:

Modalen kommune v/Teknisk etat/landbruk søker om tilskot frå næringsfondet i høve gjennomføring av pilotprosjekt: Ope landskap – beiting med geit. Det vert søkt om tilskot på kr 30 000,- frå næringsfondet. Samla prosjektkostnadar er estimert til kr 60 000,-.

I vedtektene til næringsfondet står det i § 6 at fondssaker som gjeld stønad til næringslivet er det formannskapet som er næringsfondsstyre. I saker som gjeld kommunale fellestiltak er det kommunestyret som er næringsfondsstyre. Dette er eit kommunalt prosjekt og saka vert difor lagt fram for kommunestyret si avgjerd.

Bakgrunn

Modalen kommune v/Teknisk etat/landbruk ynskjer å settje igong eit pilotprosjekt med beiterydding ved hjelp av geit og ny beiteteknologi. Kommunen ynskjer å gjennomføra pilotprosjektet i forbindelse med etablering av dagsturhytta ved Steinavatnet. Geit er godt egna til oppgåva då dei et mykje busker og kratt. Beiteryddinga vil bidra til å gjenopne og halde ved like vegetasjon rundt og langs stien. Dette vil medføra at turopplevinga vert endå betre, samt halda i hevd kulturlandskapet.

Beiting med geiter i attgrodd landskap vil også kunna gje betre beiteområde for sau på sikt, då det vil fremma veksten av beiteplantar som sauene kan nytte seg.

Geitene som er tenkt bruk i dette prosjektet er av rasa Boergeit. Boergeit er ei relativt stor, men roleg og folkekjær geit som vil bidra til å skapa mange fine turopplevingar for folk som nyttar turstien.

Arbeidsgruppa har vore i kontakt med grunneigarar i området, beitelag og Mattilsynet ang dette prosjektet, og dei var alle positive til prosjektet.

Føretaket som vert innleigd for å utføra beitinga har ansvaret for transport av dyra inn og ut av beiteområdet, tilsyn og oppfølging av dyra undervegs.

Vurdering

Fjellområda i Modalen har alltid vore viktige beiteområder både for eigne bønder, men og for bønder i andre kommunar. Mange stølar er eit av særtrekka til kommunen. Dei same områda er populære turområde, både innbyggjarar og tilreisande nyttar områda til opplevingar og rekreasjon. Ferre beitedyr og endra klima gjer at mange områder no er prega av attgroing.

Attgroing fører til at det som før var lysopne beiteskogar, artsrike beitevollar eller open hei- eller engvegetasjon, får ein tett ung skog. Tett tresjikt fører igjen til at mindre lys og varme når undervegetasjonen, dette gjev sterkt redusert planteproduksjon. Tett tresjikt gjer også beitemarka vanskeleg tilgjengeleg for beitedyr. Viktige produkt frå landskapet er ikkje berre kjøt, mjølk og ull som kjem ut av beiting, men også kulturlandskap, opplevingar og biomangfald. For å ta vare på desse kvalitetane, må arealet skjøttast.

Dette pilotprosjektet prøver å svara ut denne utfordringa med å ta i bruk ny teknologi og geit som eit tiltak for å reversera attgroing. Ein del av prosjektet er å få hausta erfaring om dette kan vera eit godt verktøy i kampen mot attgroing, som ein kan gjennomføra andre stader i kommunen.

Strategisk næringsplan for Modalen 2017-2021 skal stimulera til at det er attraktivt å driva næringsaktivitet i Modalen og det er sett opp fokusområde og tiltak som skal bidra til å nå dette målet. Det er særleg to punkt som er relevant for dette prosjektet.

Fokus: Naturressursar

Mål: Modalen skal utvikla bærekraftige næringar basert på lokale naturressursar.

Legge til rette for næringar som byggjer på lokale ressursar. Auke produksjonen i landbruket gjennom aktivt samarbeid og rådgjeving med landbrukskontoret.

Aktiv støtte til verksemder som ynskjer å byggje på lokale naturressursar gjennom rådgjeving og støtte frå næringsfondet.

Fokus: Reiseliv

Mål: Modalen skal utvikla eksisterande og nye reiselivsprodukt.

Utvikla reiselivsprodukt saman med det lokale næringslivet.

Dagsturhytter er eit populært reisemål, velstelte og opne landskap med god sti vil auka attraktiviteten for området.

Mål for prosjektet med dagsturhytter er å få fleire folk ut på tur. Erfaring frå andre stader er at open og tilgjengelge turområde er populære reisemål, og at eit slikt tilbod kan trekkja til seg turistar frå nabokommunar og andre stader. Ringverknader av ein slik auka trafikk til Modalen er at det kan verta meir aktivitet på butikken, Mobryggja, Låvebakeriet, Bryggjeslottet m.m så på denne måten bidreg prosjektet til næringsutvikling i Modalen.

For landbruket er det positivt at beitekvaliteten vil auke etter at småbjørkeskog og kratt er fjerna og dermed auke produksjonen i beite for sau. Beiting aukar biologisk mangfald og karbonlagring i jord og er difor positivt i eit bærekraft perspektiv når det gjeldt å bruka og utvikla naturressursane.

Dagens reisande etterspør, i tillegg til overnatting og bevertning, opplevingar. For eksisterande reiselivsbedrifter i Modalen vil det å kunna tilby ein godt tilrettelagt tursti fram til dagsturhytta vera positivt i høve til å styrka reiselivsproduktet sitt. Beitedyr er med å skapar trivsel i landskapet, og kan gjera turen til ei ekstra god oppleving.

I tillegg vil prosjektet vera til nytte og glede for alle innbyggjarane i Modalen som likar å ferdast i dette området.

Konklusjon

Administrasjonen vil rå kommunestyret til å støtta prosjektet.

Vedlegg:

Prosjektskisse, Ope landskap - beiting med geit

Oversiktskart Ope landskap - beting med geit

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Njål Bolstad Eidsnes	FA-L33, TI-&01	19/4

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2021	Formannskapet	PS	01.06.2021
031/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Tomtepris - nytt kommunalt bustadfelt på Helland Gnr 78. Bnr 45.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek ein tomtepris på kr 100 000,- pr tomt i nytt kommunalt bustadfelt på Helland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde 13.06.2019 i sak 031/2019 vedtak om å kjøpe regulert bustadområde frå grunneigar på Nedre Helland, Gnr. 78, Bnr. 5. for kr 30,- pr. m2. Kjøp av tomteareal vart gjennomført i 2019. Det vart løyvd midlar til prosjektet i investeringsbudsjettet for 2019

Kjøpsavtale

Kjøpsavtale for areal til bustadføremål på Nedre Helland mellom Modalen kommune ved ordførar, og grunneigar av Gnr. 78, Bnr. 5, vart inngått 09.09.2019.

Bustadarealet vart oppmålt og berekna areal er 16 677m²

Vurdering

Tomteprisar i Modalen:

Mo

Dagens tomteprisar på Mo er på kr 140 000,-

Øvre Helland

Dagens tomteprisar på Øvre Helland er på kr 70 000,-

Nedre Helland

Dagens tomteprisar på Nedre Helland er på kr 50 000,-

Dagens tomtepris i eksisterande bustadfelt på Nedre Helland er kr 50 000,- denne prisen vart sett på midten av 1980 – talet. I høve indeksregulering og at det no berre er tre tomter tilgjengeleg for sal

på Nedre Helland, vurderer me kr 100 000,- som ein tilfredsstillande tomtepris i nytt kommunalt bustadfelt.

Konklusjon

I høve Modalen kommune sitt behov for fleire bustadtomter kjøpte Kommunen i 2019 eit regulert bustadområde på Nedre Helland. Bustadfeltet på Nedre Helland har umiddelbar nærleik til barnehagen og flotte turmoglegheiter i Hellandsdalen. Det er kring 5km til Mo sentrum med skule, butikk, restaurant, Bryggjeslottet og legetenester.

Modalen kommune ynskjer at bustadområdet på Helland skal vidareutviklast. Området skal vera ein attraktiv stad å busetja seg. Ein tomtepris på kr 100 000,- vil då vera med å bidra til denne utviklinga og tar samstundes omsyn til prisutviklinga i samfunnet.

Formannskapet - 018/2021

FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Formannskapet vedtek ein tomtepris på kr 100 000,- pr tomt i nytt kommunalt bustadfelt på Helland

Vedlegg:

Kart vedlegg 1

Kart vedlegg 2

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-210, TI-&14	20/72

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2021	Formannskapet	PS	01.06.2021
032/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Rekneskap og årsmelding 2020

Forslag til vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2020 vert godkjent slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen og årsmeldinga, jfr Kommuneleva § 14-2 bokstav b.

Formannskapet gjev innstilling til vedtak om årsrekneskap og årsmelding og Kontrollutvalet skal gje fråsegn om årsrekneskap og årsmelding før formannskapet gjev innstilling til vedtak, jfr Kommuneleva § 14-3, 3. ledd.

Vurdering

Årsmeldinga og årsrekneskapen for 2020 skal handsamast i Kontrollutvalet og Formannskapet før Kommunestyret gjer vedtak.

Driftsrekneskapen for 2020 er avslutta med eit netto driftsresultat på kr 6 510 712. Rekneskapen er saldert mot disposisjonsfond, og det er ikkje noko meirforbruk som vert framført til inndekning i seinare år.

Investeringsrekneskapen er avslutta med udekka beløp kr 0. Alle utgiftene i rekneskapen for 2020 er finansiert med inntekt i 2020.

Det vert vist til rekneskaps- og årsmeldingsdokumenta for 2020, revisjonsmelding og -rapport frå Vestlandsrevisjon IKS, samt fråsegn frå Kontrollutvalet si handsaming av saka. Fråsegn frå Kontrollutvalet vert lagt fram i møtet eller ettersendt.

Konklusjon

Det vert tilrådd at Modalen kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2020 vert godkjent.

Formannskapet - 019/2021

FOR - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad presenterte årsrekneskapen gjennom sentrale nøkkeltal. Samrøyses vedteke.

FOR - vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2020 vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Rekneskapsdokument 2020

Årsmelding 2020 Modalen kommune

Modalen_revisjonsmelding 2020

Modalen revisjonsrapport årsrekneskapen 2020

Særutskrift med uttale til årsmelding og rekneskap 2020 - Modalen kontrollutval

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-210	21/135

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2021	Formannskapet	PS	01.06.2021
033/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Økonomirapport for 1. tertial 2021

Forslag til vedtak:

Økonomirapporteringa for 1. tertial 2021 vert teken til orientering.

Budsjettjusteringar i driftsbudsjettet:

Justeringar vert vedtekne i tråd med tabellen under:

(Tal i heile tusen)			
Budsjettområda:	Endring:	Oppr budsj	Justert budsj
Rådmannen/sentraladm	-600	14 675	14 075
Kultur	-500	2 485	1 985
Barnehage	160	5 051	5 211
Ploms	2 800	16 713	19 513
Sentrale postar:			
Skatt/rammetilskot	-300	50 740	50 440
Eigedomsskatt	-170	22 400	22 230
Småinvesteringar	-200	900	700
Avs til disp.fond	-1 190	3 020	1 830
Netto endringar:	0		

Budsjettjustering i investeringsbudsjettet:

Løyvinga til nytt nærings- og tenestesenter vert auka med kr 1,7 millionar.

Midlane til VA-prosjekt/slokkevatn i Mo sentrum vert omdisponert til buffer i byggeprosjektet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Økonomirapport for 1. tertial 2021 er den fyrste rapporten frå rådmannen til kommunestyret om økonomistoda i 2021. Minimum 2 gonger i året skal det fremjast eigne saker til kommunestyret om kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

Rapporten tek for seg økonomien i drifta, status og utfordringar for avdelingane, sjukefråvær, status for småinvesteringar og investeringar, samt status for finansområdet.

Vurdering

Drifta er i hovudsak under kontroll, men det er venta stor meirutgift knytt til Pleie og omsorg samt eit mindre avvik knytt til barnehage. I denne saka vert det lagt opp til budsjettjustering for å tilføre midlar til Pleie og omsorg og barnehage som vert dekkja av mindreutgift/meirutgift på budsjettområda Rådmannen/sentraladm og Kultur, samt auka inntekt knytt til skatt/rammetilskot og eigedomsskatt. Restavvik etter desse justeringane vert justert mot avsetjing til generelt disposisjonsfond. Sjå meir detaljar knytt til dette lenger ned i saka.

Innanfor investering er det tilrådd justering knytt til det nye Nærings- og tenestesenteret. Det vert i denne saka tilrådd å auke bufferavsetjinga med kr 1,7 millionar. Sjå meir om det i avsnittet om investering.

Drift

Sjå oversikta Økonomisk oversikt – drift under. Rapporten syner grupperte inntekter, grupperte utgifter og brutto driftsresultat som resultat, altså driftsinntekt minus driftsutgift pr 30.04.

	2021	2021	2021	2020
Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Justert budsjett	Oppr budsjett	Rekneskap
	Januar-april	Heilår	Heilår	Januar-april
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	10 020 778	24 374 000	24 374 000	9 921 695
2 Inntekts- og formuesskatt	10 924 370	10 250 000	10 250 000	11 141 119
3 Eiendomsskatt	11 286 291	22 400 000	22 400 000	11 184 407
4 Andre skatteinntekter	0	22 000 000	22 000 000	0

5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	0	40 000	40 000	144 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	4 108 293	14 212 800	14 212 800	3 772 188
7 Brukerbetalinger	725 381	2 184 800	2 184 800	571 806
8 Salgs- og leieinntekter	2 268 265	5 418 000	5 418 000	814 923
9 Sum driftsinntekter	39 333 378	100 879 600	100 879 600	37 550 138
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	16 602 101	46 560 779	46 560 779	16 105 141
11 Sosiale utgifter	4 426 639	11 621 616	11 621 616	4 103 980
12 Kjøp av varer og tjenester	13 952 720	29 430 553	29 430 553	10 700 702
13 Overføringer og tilskudd til andre	3 841 451	6 649 886	6 649 886	2 503 122
14 Avskrivninger	0	6 625 600	6 625 600	0
15 Sum driftsutgifter	38 822 911	100 888 434	100 888 434	33 412 945
16 Brutto driftsresultat	510 466	-8 834	-8 834	4 137 193
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	174 138	200 000	200 000	68 677
18 Utbytter	0	0	0	3 540
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	100 000	100 000	0
20 Renteutgifter	148 523	550 000	550 000	252 100
21 Avdrag på lån	677 290	1 280 000	1 280 000	428 720
22 Netto finansutgifter	-651 675	-1 530 000	-1 530 000	-608 602
23 Motpost avskrivninger	0	6 625 600	6 625 600	0
24 Netto driftsresultat	-141 209	5 086 766	5 086 766	3 528 591
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	0	0	0	0
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-6 628	649 800	649 800	-25 624
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-5 736 566	-5 736 566	0
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	0	0	0
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-6 628	-5 086 766	-5 086 766	-25 624
30 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

Løyvingar til drifta. Status og prognosar.

	2021	Prognose	2021	2021	2020
Løyvingsoversyn - drift	Rekneskap	Rekneskap	Just budsjett	Oppr budsjett	Rekneskap
	Januar-april	Heilår	Heilår	Heilår	Januar-april
1 Rammetilskudd	10 020 778	23 929 000	24 374 000	24 374 000	9 921 695
2 Inntekts- og formueskatt	10 924 370	10 995 000	10 250 000	10 250 000	11 141 119
3 Eiendomsskatt	11 286 291	22 570 000	22 400 000	22 400 000	11 184 407
4 Andre generelle driftsinntekter	0	22 040 000	22 040 000	22 040 000	144 000
5 Sum generelle driftsinntekter	32 231 439	79 534 000	79 064 000	79 064 000	32 391 221
6 Sum løyvingar drift, netto	31 720 973	74 107 234	72 447 234	72 447 234	28 254 028

7 Avskrivninger	0	6 625 600	6 625 600	6 625 600	0
8 Sum netto driftsutgifter	31 720 973	80 732 834	79 072 834	79 072 834	28 254 028
9 Brutto driftsresultat	510 466	-1 198 834	-8 834	-8 834	4 137 193
10 Renteinntekter	174 138	200 000	200 000	200 000	68 677
11 Utbytter	0	0	0	0	3 540
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	100 000	100 000	100 000	0
13 Renteutgifter	148 523	550 000	550 000	550 000	252 100
14 Avdrag på lån	677 290	1 280 000	1 280 000	1 280 000	428 720
15 Netto finansutgifter	-651 675	-1 530 000	-1 530 000	-1 530 000	-608 602
16 Motpost avskrivninger	0	6 625 600	6 625 600	6 625 600	0
17 Netto driftsresultat	-141 209	3 896 766	5 086 766	5 086 766	3 528 591
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
18 Overføring til investering	0	0	0	0	0
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-6 628	649 800	649 800	649 800	-25 624
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-4 806 566	-5 736 566	-5 736 566	0
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-6 628	-4 156 766	-5 086 766	-5 086 766	-25 624
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0
Løying pr budsjettområde:					
Rådmannen/sentraladm	6 812 241	14 075 575	14 675 575	14 675 575	6 940 189
Kultur	349 171	1 984 828	2 484 828	2 484 828	591 709
Næring	1 531 987	2 250 163	2 250 163	2 250 163	92 761
Sosial og barnevern	436 734	1 517 400	1 517 400	1 517 400	681 235
Skule	4 848 688	11 979 440	11 979 440	11 979 440	4 501 003
Barnehage	2 310 272	5 210 742	5 050 742	5 050 742	2 128 954
Pleie og omsorg	8 346 493	19 513 156	16 713 156	16 713 156	7 359 676
Kommunelege	2 272 773	6 517 919	6 517 919	6 517 919	1 810 599
Teknisk	5 939 690	15 299 425	15 299 425	15 299 425	5 340 374
Sentrale Postar	-1 127 077	-4 941 414	-4 941 414	-4 941 414	-1 192 473
Småinvesteringar		700 000	900 000	900 000	
	31 720 973	74 107 234	72 447 234	72 447 234	28 254 028

Status for budsjettområda:

Rådmannen/sentraladministrasjonen

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30.april	Heilår	i %
6 812 241	14 675 575	46,4 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Rådmannen, Kommunekassen og IKT drift ligg noko høgt på utgiftssida pr dags dato, men det er ikkje unaturleg for desse ansvarsområda på denne tida av året. Ein god del lisensar, forsikringar, gebyr og kontigentar som gjeld for heile året vert betalt tidleg i året. Andre utgiftspostar er i høve budsjett.

Kundetorget har ei drift i tråd med budsjett.

Inntekter konsesjonskraft gjennom avtalen med fylkeskommunen ser ut til å bli litt høgare enn budsjettert grunna dei høge kraftprisane så langt i 2021.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
6 812 241	14 675 575	14 275 575

På noverande tidspunkt vert det stipulert ei netto mindreutgift for ansvarsområdet på kr 600 000. Årsaken er inntekt frå sal av konsesjonskraft.

Sjuefråvær:

Sjuefråvær for rådmannen/sentraladministrasjonen pr 1. kvartal 2021 : 0,7 %

Kultur

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
349 171	2 484 828	14,0 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Grunna koronapandemien har alle kultur arrangement vorte avlyst, difor er det eit lågt forbruk.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
349 171	2 484 828	1 984 828

Låg forbruk hittil i år. Om smittesituasjonen held fram, er det venta eit lågare forbruk enn det som er budsjettert. Det er fakturert for årskort i Bryggjeslottet for heile 2021, og me ventar ikkje vesentlege inntekter for resten av året.

Me tek sikte på å omdisponera midlar til turstiprosjekt kr 200 000, men vil likevel kunne få eit vesentleg mindreforbruk på dette området.

Sjukefråvær:

Kultur har lågt sjukefråvær 2 %, det er knytt til korttidsfråvær.

Næring

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
1 531 987	2 250 163	68,1 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Det er nytta ca kr 340 000 til leige av beredskapsrom (gjennomføring av karantene m.m.) i samband med koronapandemi. I tillegg er det auke i tilskot til næringsliv. Dette er statleg finansierte midlar/pakker som skal motvirke effektar av pandemien. Forøvrig er budsjettområdet i rute.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår

1 531 987	2 250 163	2 250 163
-----------	-----------	-----------

Ventar ikkje avvik.

Sjukefråvær:

Inkludert I samla oversyn for Rådmannen/sentraladm.

Sosial og barnevern

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
436 734	1 517 400	28,8 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Området er i rute. Så langt er utgifter i samband med sosialstønad i tråd med budsjett. Dette er ein post som kan endre seg gjennom då utgiftene knyt seg til brukarar sine rettar (NAV).

Modalen kommune kjøper barnevernstenester frå Vaksdal kommune. Vaksdal har starta eit utgreiingsarbeid saman med Osterøy kommune med føremål å sjå på framtidig organisering av barnevernstenestene. Evt. resultat av dette arbeidet vil ein komme attende med informasjon om.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
436 734	1 517 400	1 517 400

Ventar ikkje vesentlege avvik.

Sjuefråvæ:

Budsjettområdet har ingen tilsette.

Mo skule

(Grunnskule, sfo, vaksenopplæring, kulturskule)

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
4 848 688	11 979 440	40,5 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Rekneskapan viser at Mo skule samla ligg om lag som det førre året, dvs litt høgt i høve budsjett. Noko av dette rettar seg i juni då det vert fakturert for gjesteelevar for heile vårsemesteret.

Innan vaksenopplæring er det kome utgifter som det ikkje var teke høgde for i budsjettet. Det er uvisst om desse utgiftene held fram etter 1.august. dersom dei gjer det så må budsjette justerast opp på dette området.

Innan fastløn vert det ein reduksjon (80% stilling) med verknad 1.august.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
4 848 688	11 979 440	11 979 440

Ein har som mål at det ikkje vert endra prognose. Det er endringar i elevsamansetjinga som kan gjera at ein må ha meir ressursar frå skulestart i august 2021 knytt til einskildelevar, dette er førebels ikkje

avklara. Det er òg uavklara om det vert vidare behov innan vaksenopplæring. Om dette held fram så må prognosen aukast i 3.kvartal.

Sjulefråvær:

Samla sjulefråvær i fyrste kvartal er 6,4 % for heile ansvarsområde Mo skule. Korttidsfråvær er noko høgt, det meste av dette er knytt til «koronarelatert» fråvær, enten på tilsette eller at tilsette har vore heime med eigne born i samband med koronatesting. Fråvær ut over dette er knytt til tilsett i opptrening/rehabilitering. Det vert arbeidd kontinuerleg med arbeidsmiljø ved Mo skule. Salutis gjennomfører «trafikklyskartlegging» i veke 20, og fagdag med alle tilsette med fokus på helsefremjande arbeid i veke 21.

Modalen barnehage

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30. april	Heilår	i %
2 310 272	5 050 742	45,7 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Nettoutgift i rekneskapen til no er noko høgt då refusjonsinntekt frå andre kommunar vert inntektsført i mai/juni 2021. Når det vert gjort jamnar budsjettet seg ut, og me er førebels i balanse.

Endringar i drifta framover:

Våren 2021 har me 8 barn busett i andre kommunar enn Modalen. / barn er frå Vaksdal kommune og 1 barn frå Alver kommune. Våren 2021 kom det melding frå Vaksdal kommune at dei startar opp barnehage på Bergo frå hausten 2021. Modalen kommune skal ikkje drifte barnehageplassar for barn busett frå Vetlejord og opp Eksingedalen. Barne som er busett i dette området får tilbod om barnehageplass på Bergo. For barna som er busett frå Høvik og ned til Eidslandet ynskjer dei at Modalen kommune framleis skal drifta barnehageplassar for.

For hausten 2021 vil me stå att med 2 barn busett i Vaksdal kommune, me hadde rekna med 7 barn. Dette vil føre til ei betydeleg reduksjon i refusjonen frå Vaksdal kommune. Det er samla venta mindreinntekt i høve til budsjettet på kr 690 000 for 2021.

Ein konsekvens av eit lågare barnetal er reduksjon i tilsette. Kommande barnehageår er to pedagogar i permisjon, utgjier 160 %. Desse vil det ikkje vere behov for å erstatte dette barnehageåret.

I 2021 vert det fødd 8 barn i Modalen kommune, så me veit at tal barn aukar barnehageåret

2022/2023. Me veit ikkje korleis det går med drifta av barnehageplassar på Bergo, sidan tal plassar barn som skulle nytta barnehageplass ikkje er oppe i det talet som var sagt at Vaksdal kommune trengte for å drifte barnehage på Bergo.

I tillegg har førskulegruppa hatt styrking av personalressurs på seg og nokre har motteke spesialpedagogisk hjelp. Me får reduksjon i utgifter i samband med dette.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30. april	Heilår	Heilår
2 310 272	5 050 742	5 210 742

Vanskleg å gje nøyaktige prognosar sidan budsjettåret og barnehageåret ikkje fylgjer kvarandre.

Synkende barnetal i år og det at ein ikkje treng ekstra styrkingsressurs og at ein kan redusera i spesialpedagogikkressurs gjer at ein kan redusera tal årsverk i barnehagen. Tal tilsette reduseres til 6,7 årsverk frå 16. august 2021, i tillegg kjem lærling og læreplasskandidat, samt 27 % knytt til kjøkkendrift.

Tapt inntekt overstig redusert utgift i haust og me stipulerer ei netto meirutgift på kr 160 000.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosent pr 1. kvartal er 9,6 %

Pleie- og omsorg

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30.april	Heilår	i %
8 346 493	16 713 156	49,5 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Drifta har fått auke i tal på brukarar både på institusjon og heimeteneste. Dette gjev behov for auke i personale på helger/høgtid for å kunne dekke tenestetilboda forsvarleg. Dette gjev auke i lønnskostnader.

Drifta manglar sjukepleiarar i nokre stillingar. Dette gjer at tenesta har måtta nytta sjukepleievikarar frå rammeavtale. I tillegg har drifta nytta sjukepleievikarar frå byrå utanom avtale, då byråa me har rammeavtale med ikkje klarer levere sjukepleiarar. Dette er ei aukande utfordring for tenesta, som gjer til at me truleg til haust/ ut 2021 må dekke drifta med innleigde sjukepleiarar frå byrå utanom avtalane. Det gjev store kostnader i drift som ikkje er lagt inn i budsjettet, då me hadde von om å få tilsett eigne sjukepleiarar i stillingane. I tillegg må me som kommune betale karantenetid frå byråa. Me vil no lyse ut ledige sjukepleiestillingar på nytt med rekrutteringstilskot som gjev auke i kostnader i høve budsjettet.

Me legg til grunn kr 2 800 000 i auka utgifter til løn - vikarar, forbruksvarer, medisiner m.m.

Auke i pris i høve forbruksvarer grunna pandemien, gjev auke i utgifter. I tillegg er me pålagt frå Helsedirektoratet å ha utstyr på smittevernlager for 8 mnd forbruk, som aukar utgiftene.

Det er auke i talet på brukarar i institusjon med samansette diagnosar. Dette fører til auke i utgifter til medisiner som ikkje er teke høgde for i budsjettet.

Ved tilsetjing av sjukepleiarar og ei stabil drift, tek ein høgde for å kunne leige ut plassar til andre kommunar som gjev oss inntekter. Elles er budsjett i rute når det gjeld inntekter pr. dags dato

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30.april	Heilår	Heilår
8 346 493	16 713 156	19 513 156

Auke i lønnsutgifter til sjukepleiarar/helsefagarbeidarar frå vikarbyrå som er i rammeavtale samt vikarar frå byrå utanom avtale for å ha forsvarleg drift.

Auke i tal brukarar på institusjon som gjev auke i kostnad ved innleige av ekstra personale på helg/høgtid, meir krevjande brukarar med samansette diagnosar.

Auke i kostnad forbruksvarer i høve pandemi og smittevernlager pålagt frå Helsedirektoratet for 8m mnd forbruk.

Auke i kostnad til medisiner då brukarar med samansette diagnosar aukar i tenesta.

Tenesta har fokus på redusert inntak av personale ved fråvær – høgtidsdagar ut frå ei forsvarleg drift.

Utleige av institusjonsplassar til nabokommunar dersom drifta tillet det ut frå å få auke i inntekter.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosent: 14,8.

Kommunelege

Rekneskapsstatus pr 30. april:

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
Pr 30. april	Heilår	i %
2 271 780	6 517 919	34,8 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Rekneskapsmessig er drifta i balanse pr 1. tertial. Status i denne perioden har vore tilnærma normal drift utan særskilte hendingar som gjev utslag på økonomien

Kommuneoverlegen er no slutta. Det har førebels ikkje lukkast å få plass ny kommuneoverlege. Kommuneoverlege/smittevernoverlege vert mellombels innleigd frå Asana i 40 %. Som fastlege/sjukeheimslege har det mellombels vore tilsett vikar i 50 % stilling som no går ned til 40 %.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
Pr 30. april	Heilår	Heilår
2 271 780	6 517 919	6 517 919

Det vert førebels lagt til grunn at me ikkje får rekneskapsmessig avvik i høve til budsjettet for 2021.

Sjukefråvær:

Sjukefråværsprosent 13,3.

Teknisk etat – budsjettområde Tekniske tenester

Rekneskapsstatus pr 30. april

Rekneskap	Budsjett	Forbruk
pr 30.april	Heilår	i %
5 939 690	15 299 425	38,8 %

Status/utfordringar/kort om drifta:

Teknisk har 38,8 % i forbruk dei 4 fyrste månadene av 2021.

Drifta ligg noko høgt på utgiftssida men det er ikkje unaturlegt for ansvarsområdet på denne tida av året. Noko av det skuldast auka utgifter på nyttilsett, innkjøp av ikt utstyr, driftsutgifter på kommunale biler, offentlege bygg, leasing - Truck til vaktmeistrane og brøyteutgifter. Andre utgiftspostar er i tråd med budsjett.

Inntekt ligg på 46 % . Inntekt på kommunale årsgebyr, auka utleigeinntekt på kommunale bustader. Det er berre ein bustad som ikkje er utleid, elles er alle dei kommunale bustadane utleid. Ny brannstasjon gir auka leigeinntekt.

Det er vanskeleg å seie om rekneskapan vil vere i balanse når året er omme. Vi kan sjå for oss at heilårsutgifta kan ligge over heilårsbudsjettet men tek sikte på å styre mot balanse.

Drifta på reinhald ligg noko høgt på utgiftssida. Det er auka utgift knytt til koronautbrotet. Det er auka innkjøp av reinhaldsutstyr, golvvaskemaskin og forbruksmateriell. Reinholdsmengda har auka under pandemien som igjen har auka behov for å leige inn ekstrahjelp.

Prognose:

Rekneskap	Budsjett	Prognose
pr 30.april	Heilår	Heilår
5 939 690	15 299 425	15 299 425

Brøyteutgifter ligg over budsjett fram til no, og me kan risikere ei ekstrautgift på om lag kr 200 000 når året er omme. Det vert lagt til grunn at evt meirforbruk kan/må dekkast av reduserte utgifter på andre postar.

Sjukefråvær:

Det er svært lite fråvær med sjukefråværsprosent på 0,3 %

Sentrale postar:

Rammetilskot

Årsbudsjett kr 24 374 000.

Prognose kr 23 929 000.

Mindreinntekt kr 445 000.

Skatt

Årsbudsjett kr 26 350 000.

Inntekts- og formuesskatt kr 10 250 000 + Naturressursskatt kr 16 100 000.

Prognose kr 27 095 000.

Meirinntekt kr 745 000

Eigedomsskatt

Årsbudsjett kr 22 400 000

Prognose kr 22 570 000.

Meirinntekt kr 170 000.

Avsetjing til fond

Det er budsjettert med kr 3 02 429 som avsetjing til generelt disposisjonsfond I 2021. Dette inngår I

nettobeløpet på linja Netto avs til/bruk av disposisjonsfond i Løyvingsoversyn – drift. Restavvik etter justeringar vert tilrådd saldert mot denne posten, som då vert redusert med kr 930 000.

Småinvesteringar

	Buds(end)	
	2021	Status/kommentar:
VA-plan (småinv)	700 000	Under arbeid .
Utstyr til Modalstunet	100 000	Pågåår.
e-Tavle barnehagen	50 000	Innkjøpt.
Utstyr til reinhald	50 000	Innkjøpt
Sum småinvesteringar	990 000	

Det vert lagt til grunn ein reduksjon i løyving til VA-plan med kr 200 000, som reduserer samla utgifter til småinvesteringar 2021 til kr 790 000.

Investeringar

	Regnskap	Buds(end)	
	2021	2021	Status
Nærings- og tenestesenter	16 671 419	38 590 000	Under arbeid - i tråd med fremdriftsplan
IKT-investering Mo skule	146 927	510 000	Pågåår
Oppgradering komm. bygg	-	300 000	Under arbeid
VA-tiltak av investeringsmessig karakter	-	400 000	Førebels ikkje nytta
Uføresette investeringar	-	200 000	Førebels ikkje nytta
Leikeapparat barnehagen	-	140 000	Under arbeid
Dagsturhytte	385 938	500 000	Under arbeid
Ventilasjonsanlegg Modalstunet	-	500 000	Ikkje påbegynt
Oppgradering leikeplass Øvre Helland	-	950 000	Under arbeid
Oppgradering uteområde Mo skule	-	500 000	Ikkje påbegynt
TOTALT	17 204 283	42 590 000	

Nytt Nærings- og tenestesenter

Det vert tilrådd å auke løyvinga til nybygget med kr 1,7 millionar til buffer for uføresette utgifter.

I opprinneleg vedteke budsjett vart det sett av kr 2 036 000 til buffer. Det er pr no registrert 24 endringsmeldingar som medfører bruk av avsette buffermidlar med til saman kr 1 826 108. Deler av endringane knyt seg til tilrettelegging for leigetakarar, og det vil såleis verte vurdert om delar av meirutgifta skal dekkast av leigetakarane. Dette må diskutast og avklarast med leigetakarane. Kostnadene til arkitekt, interiørarkitet samt byggjeleiing er noko over budsjett så langt. Desse

arbeidene er langt på veg fullført, og det vil ikkje komme store overskridingar knytt til dette.

Materialkostnader bidrar mykje til bruken av buffermidlane fram til no. Det er generelt i marknaden for byggjematerialar vore ein betydeleg auke til no i år. Dette er ein kjent problemstilling for alle aktørar i denne marknaden no og rammer alle som driv byggeaktivitet.

For å sikre at det er tilstrekkeleg med løyvde midlar tilgjengeleg i samband med ferdigstillinga av bygget vert det tilrådd å auke bufferavsetjinga. Dette vert vurdert å vere hensiktsmessig sjølv om avsett buffer ikkje er brukt opp enno, og sjølv om det kan verte aktuelt at leigetakarane dekker deler av meirutgiftene knytt til endring/tilrettelegging.

Framdrifta i byggeprosessen er elles som planlagt og arbeidet er i tråd med framdriftsplanen.

I vedtak om bygging nytt nærings- og tenestesenter til samla kostnad kr 60,8 millionar var det lagt til grunn at kr 1 753 305 gjaldt VA-prosjekt/slukkevatt Mo sentrum. Det vert lagt fram eiga sak knytt til VA-prosjektet med framlegg til ny løyving. Me tilrår at midlane i byggeprosjektet avsett til VA-prosjektet vert endra til auka bufferavsetjing som kan nyttast i byggeprosjektet.

Framlegg:

Løyvinga til nytt nærings- og tenestesenter vert auka med kr 1,7 millionar.

Midlane til VA-prosjekt/slukkevatt i Mo sentrum vert omdisponert til buffer i byggeprosjektet.

Det vert lagt fram eiga sak om VA-prosjekt/slukkevatt i Mo sentrum med utgiftsbehov, framlegg til løyving og finansiering.

Finans

Oversyn som syner plasseringar og vilkår når det gjeld likviditeten til kommunen som er plassert i bankkonti og pengemarknadsfond:

Likviditet:		
Bankinnskott:	30.04.2021	31.12.2020
Skagerrak sparebank	1 988 507	5 988 507
DnB	6 521	6 521
Sp Vest (fleire konti)	5 383 132	8 590 144
Kasse	25 296	18 665
Skattetrekkskonto	2 296 519	1 782 154
Legatkonto	253 865	253 865
Sum kasse, bankinnskott	9 953 840	16 639 856
Pengemarknadsfond:		
Pluss kort likviditet	6 789 750	14 789 750

16 743 590

31 429 606

Kommentar:

Driftskontoen til kommunen er i Sparebanken Vest. Reglementet avgrensar kor mykje ein kan ha innestående i ein bank til kr 15 millionar.

Renta er svært låg, og det er venta lågt rentenivå framover.

Oversyn over lånegjelda til kommunen, samt rentevilkår:

<u>Gjeld:</u>			Saldo 30.04.2021	Saldo 31.12.20
Kommunalbanken 20200345			17 151 430	17 400 000
Flytande lånerente siste endring			0,90 %	1,06 %
Kommunalbanken 20060606			13 719 200	14 147 920
Flytande lånerente siste endring			1,05 %	0,90 %
Kommunalbanken 20050816			347 210	347 210
Flytande lånerente siste endring			1,05 %	0,90 %
Husbanken - formidlingslån			10 202 497	8 932 497
Lånerente siste endring			0,80 %	0,80 %
3 M Nibor (30.04):			0,30 %	0,49 %

Det er teke opp formidlingslån til vidare utlån i 2021 med kr 1 500 000.

Vekta gj.snittleg løpetid for Modalen kommune sine lån, utanom formidlingslån, er 25,95 år.

Sjukefråvær

Me viser til kommentarar knytt til sjukefråvær under avsnitta til dei einsele avdelingane.

Samla sjukefråvær pr utgangen av 1. kvartal (januar-mars) er 7,2 %. Dette er eit lågt nivå me kan vere nøgd med. Basert på tilbakemeldingane meiner rådmannen det vert jobba godt med oppfølging

av sjukmeldte, samt førebygging.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at rapporten vert teken til orientering, samt at løyvingane I driftsbudsjettet vert justert i tråd med prognosane for dei ulike budsjettområda, slik at samla budsjett vert i balanse. Justeringar vert såleis tilrådd i tråd med oppsettet under (tal I heile tusen):

(Tal i heile tusen)			
Budsjettområda:	Endring:	Oppr budsj	Justert budsj
Rådmannen/sentraladm	-600	14 675	14 075
Kultur	-500	2 485	1 985
Barnehage	160	5 051	5 211
Ploms	2 800	16 713	19 513
Sentrale postar:			
Skatt/rammetilskot	-300	50 740	50 440
Eigedomsskatt	-170	22 400	22 230
Småinvesteringar	-200	900	700
Avs til disp.fond	-1 190	3 020	1 830
Netto endringar:	0		

Innanfor investering vert det tilrådd slik justering:

Løyvinga til nytt nærings- og tenestesenter vert auka med kr 1,7 millionar.

Midlane til VA-prosjekt/slokkevatn i Mo sentrum vert omdisponert til buffer i byggeprosjektet.

Formannskapet - 020/2021

FOR - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte, og poengterte ei upresis formulering i vedtaket om budsjettjustering av investeringsmidlar, som vart retta før røysting. Det rette er ei omdisponering av midlar og ikkje tilføring av ekstra midler
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Økonomirapporteringa for 1. tertial 2021 vert teken til orientering.

Budsjettjusteringar i driftsbudsjettet:

Justeringar vert vedtekne i tråd med tabellen under:

(Tal i heile tusen)			
Budsjettområda:	Endring:	Oppr budsj	Justert budsj
Rådmannen/sentraladm	-600	14 675	14 075
Kultur	-500	2 485	1 985
Barnehage	160	5 051	5 211
Ploms	2 800	16 713	19 513
Sentrale postar:			
Skatt/rammetilskot	-300	50 740	50 440
Eigedomsskatt	-170	22 400	22 230
Småinvesteringar	-200	900	700
Avs til disp.fond	-1 190	3 020	1 830
Netto endringar:	0		

Budsjettjustering i investeringsbudsjettet:

Midlane til VA-prosjekt/slokkevatn i Mo sentrum på 1,7 mill kr vert omdisponert til buffer i byggeprosjektet.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FE-612	21/36

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Sløkkevatn i Mo sentrum

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å byggje eit nytt pumpehus. Budsjettkostnad på 4 248 447,- eks.mva. Finansiering ved bruk av lånemidlar kr 4 248 000. Byggjefasen vil ha oppstart i august 2021 og ferdigstillast hausten 2021.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sløkkevatn kapasiteten i Mo sentrum er ikkje tilfredsstillande og må difor utbetrast. Modalen kommune byggjer no nytt bygg i Mo sentrum – Modalen nærings- og tenestesenter. Nybygget fullsprinklast. Vassforsyninga til Mo sentrum er noko begrensa og kapasiteten er ikkje tilstrekkeleg til å dekke behovet for sløkkevatn for nybygget, og for eksisterande restaurantbygg – Mobryggja. Det må difor utarbeidast tiltak som ivaretek krava til vassforsyning for sprinkelanlegg.

Vurdering

Mobryggja og Modalen nærings- og tenestesenter har begge sprinkelanlegg. Cowi gjorde undersøkingar på vasskapasiteten i Mo sentrum i høve sløkkeanlegga på desse to bygga. Det syner at kapasiteten er for dårleg, også for eksisterande anlegg på Mobryggja. Det vart prosjektert nytt anlegg med vassstank (reservoar) og pumpe. Anlegget skal dekke sløkkeanlegga på Mobryggja og nybygget.

Det vart vurdert 4 alternativ til sløkkevatn i Mo sentrum:

Alternativ 1. Sjøvatnanlegg

- Det vart vurdert sjøvassanlegg, som ikkje vart anbefalt då sprinkelanlegga ikkje toler saltvatn.

Alternativ 2. Nedgrava vasstank og pumpe bak nybygget

- Ingeniør Tore Eide detaljprosjekterte anlegg med vasstank (reservoar) og pumpe.
- Det vart vurdert å grave ned vasstanken bak nybygget, men dette vart forkasta grunna avstand til havnivå og høge kostnader.

Alternativ 3. Vasstank og pumpe plassert oppe på bakken i eige hus ved sidan av nybygget

- Ingeniør Tore Eide detaljprosjekterte anlegg med vasstank (reservoar) og pumpe, plassert oppe på bakken i eige hus ved sidan av nybygget. Sjå vedlegg 1 (situasjonsplan)
- HRTB arkitekter teikna nytt pumpehus som skulle innehalde vasstank, pumpe, strømaggregat (til nybygget ved strømbrydd) og bosshus. Sjå vedlegg 2a og vedlegg 2b (plan, snitt og fasade)
- Tanken skal også koplast til restauranten på Mobrygja. Tanken etablerast med eit volum på 50 kubikk.

Alternativ 4. Ny vassleidning frå pumpehus ved Mo skule, over jordet i aust for nybygget og ned til Mo sentrum

For å prøve å redusere kostnadene vart ein ny ide og ny vassleidning frå pumpehus ved Mo skule, over jordet aust for nybygget og ned til Mo sentrum lansert. Dette ville gje ein heilt ny og fleksibel vasstilførsel til Mo sentrum. Sweco gjorde ei vurdering på kapasiteten i pumpehuset ved Mo skule.

- Det syner at vassforsyninga frå grunnvassbrønnane, vassleidingar og høgdebassenget på Kleivane har for dårleg kapasitet til å forsyne sløkkeanlegga på Mobrygja og nybygget.
- Ny vassleidning frå høgdebasseng til pumpehuset vart forkasta som ein all for omfattande og dyr løysing.

Vurderinga av dei fire alternativa syner at Alternativ 3. vil vere det mest hensiktsmessige alternativet og rimelegaste. Det vart utarbeida eit budsjett i høve Alternativ 3. med ein sum på kr 4 248 447,- eks. mva. Sjå vedlegg 3. (Budsjett). Vasstank og pumpe vert plassert i eige hus ved sidan av nybygget. Huset vil også innehalde nødstømsaggregat og rom for boss.

Økonomi/Finansiering:

Prosjektet knyt seg til kommunal vassforsyning, som medfører rett til frådrag for mva-utgiftene. Det vert såleis prosjektkostnaden eks mva som skal finansierast i investeringsrekneskapen.

Budsjettert utgift inkl mva: kr 5 310 000.

Utgift som skal finansierast: kr 4 248 000.

Det vert tilrådd at prosjektet finansierast med auka låneopptak med kr 4 248 000.

Me får då slikt oppsett ang låneopptak 2021:

Opprinneleg vedteke låneopptak 2021: kr 28 540 000

Auka låneopptak 2021: kr 4 248 000

Nytt vedteke låneopptak 2021: kr 32 788 000

På bakgrunn av opprinneleg vedteke låneopptak var det rekna at lånegjelda ville utgjere 58,6 % av samla årleg driftsinntekt pr 31.12.21. Med auka låneopptak vil lånegjelda utgjere om lag 62,5 % av venta årleg driftsinntekt. Dette er noko over det langsiktige måлтаlet som kommunestyret har vedteke til maks. 60 %. På bakgrunn av avdragsnivået i gjeldande økonomiplan, og føresetnadene elles i økonomiplanen, vil kommunen vere under måлтаlet igjen i 2023.

Følgjande framdriftsplan er lagt til grunn:

- | | |
|---|--------------------|
| · Oppstartsmøte | Gjennomført |
| · Utarbeiding av tilbods dokumentasjon | Gjennomført |
| · Open anbodskonkurranse vart lagt ut på Merzell | Gjennomført |
| · Evaluering av tilbod. 2 tilbod vart levert,
Lars Jønsson AS hadde lågast tilbod og vant anbudet. | Gjennomført |
| · Ferdigstilling av løysingar, kostnads kalkyle | Gjennomført |
| · Søk nad om rammeløyve | Står att |
| · Godkjenning Modalen kommune
– avhengig av politisk vedtak | Står att |
| · Byggefase | Står att |
| · Ferdigstilling | Står att |

Konklusjon

Etter rådmannen si vurdering vil Alternativ 3. vasstank og pumpe plassert i eige hus ved sidan av nybygget i Mo sentrum, gje ei teneleg løysing og vere det rimelegaste alternativet. Rådmannen vil tilrå at kommunestyret godkjenner prosjektet slik det ligg føre.

Vedlegg:

Budsjett pumpehus Mo sentrum vedlegg 3

D1 A10-3 Situasjonsplan(55030) vedlegg1

E1 A40-102 Fasader Pumpehus(55031)Vedlegg 2b

E2 - A22-104 Plan Pumpehus(55032)Vedlegg 2a

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FE-151	20/288

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/2021	Kommunestyret	PS	17.06.2021

Låneopptak 2021 - justering

Forslag til vedtak:

Låneopptak til finansiering av investeringar i 2021 vert fastsett til kr 32 788 000. Lånet er heimla i kommunelova §14-15, fyrste ledd (finansiering av investeringar i varige driftsmidlar som skal eigast av kommunen sjølv). Låneopptaket gjeld nytt nærings- og tenestesenter og andre kommunale investeringar. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I sak om budsjett- og økonomiplan 2021-2024 gjorde kommunestyret i Modalen vedtak om låneopptak til investeringar med kr 28 540 000 (KS-vedtak 065/2020).

I kommunestyresak om auka vasskapasitet/slokkevatn på Mo til handsaming 17. juni, er det lagt til grunn finansiering med lån på kr 4 248 000. Med den justeringa vert samla låneopptak 2021 til finansiering av investeringar auka til kr 32 788 000.

Vurdering

Lånevedtaket må justerast som følgje av vedtak om finansiering av slokkevatn på Mo med lån på kr 4 248 000.

Konklusjon

Det vert tilrådd å auke låneramma for 2021 med kr 4 248 000 i tråd med vedtak i sak om slokkevatn på Mo. Låneopptak 2021 vert tilrådd fastsett til kr 32 788 000.

